
Saknr: 2020/46484-10
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Revisjonsplan for rekneskapsrevisjonen i 2020**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tar revisjonsplan og informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt i 2020 frå Deloitte AS til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at risiko- og vesentlegvurdering om forenkla etterlevings-kontroll vert lagt fram i møte 16.09.2020 med frist for levering til sekretariatet innan 26.08.2020.
3. Utvalet ber vidare om at interimrevisjonsrapport 2020 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 25.11.2020 med frist for levering til sekretariatet innan 11.11.2020.

Samandrag

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i fylkeskommunen. I denne saka skal den valde revisor, Deloitte, presentere sin plan for gjennomføring av rekneskapsrevisjonen i 2020.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Revisjonsplan 2020 - Vestland fylkeskommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i fylkeskommunen. Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. Kommuneleva § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet som lyd m.a. slik

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak»*

På bakgrunn av punkt b) over står det dette i kommunelova § 24-9 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

Vidare går det fram av Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 m.a. dette:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»*

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet si handsaming av revisjonsplan, vil vera ein lekk i å sjå til at fylkeskommunen sine rekneskapar vert revidert på ein tryggande måte og at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Sekretariatet har motteke revisjonsplan for 2020 og den ligg ved saka.

Slik sekretariatet ser det, bør kontrollutvalet få høve til å koma med innspel til fokusområde i interimrevisjonen som skal gjennomførast denne hausten, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som fastset den endelege revisjonsplanen.

Når det gjeld kontrollutvalet sitt ansvar i høve kommunelova § 24-9 om forenkla etterlevingskontroll bør Deloitte legge fram si risiko- og vesentlegvurdering i møte 16.09.2020. For rekneskapsåret 2021 vil det etter sekretariatet si vurdering vera naturleg at dette vert lagt fram i same møte som revisjonsplanen skal handsamast. Vidare vil det vera naturleg at den skriftlege uttalen om forenkla etterlevingskontroll vert lagt fram i same møte som rekneskapsplanen for 2020 skal handsamast i mai 2021, sjølv om fristen i kommunelova er sett til 30.06.

Normalt skal interimrevisjonsrapport leggjast fram for kontrollutvalet til handsaming i siste møte dette året. Det siste møtet i kontrollutvalet i år er sett til 25.11.2020 og det vil difor vera føremålstenleg at interimrevisjonsrapporten er klar til handsaming i dette møtet.

Konklusjon

Dersom det elles ikkje kjem fram noko spesielt i møtet, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet ber om at risiko- og vesentlegvurdering om forenkla etterlevingskontroll vert lagt fram i møte 16.09.2020, med frist for levering til sekretariatet innan 26.08.2020.

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2020 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 25.11.2020, med frist for levering til sekretariatet innan 11.11.2020.